

Handsama i Kommunestyret - 26.05.2016:

Ernst Einarsen (H), Olav Kobbeltveit (V) og Ivar Einarsen (AP) har alle eigarinteresse innanfor planområdet og har kome med merknader til planen under høyringsperioden. Kommunestyret vurderer desse tre som ugilde i å vera med å behandla saka.

Det var 32 representantar i salen til å behandla saka.

Spesialrådgjevar Willy Sørensen presenterte reguleringsplanen med fokus på dei endringar og tilpasningar som er gjort etter høyringsperioden:

- Arefjord – utfylling og kortare bru
- Støyskjerming
- Justering av Grønamyrsvegen
- Golfbana på Kolltveit
- Justering av tilkomstveg, gangstiar og liknande

Han orienterte også om forskjellen på regulert og skilta kollektivfelt.

Som illustrasjon på dei ulike tema vart det vist ein video over sambandet frå Kolltveit til Storavatnet.

Framlegg frå Anita Garlid Johannessen (FrP):

Kommunestyret godkjenner områdereguleringsplan for RV 555 Sotrasambandet, Kolltveit – Bergen grense, plan ID2013001, med følgjande endring: Gang og sykkelveg frå Bildøy til

Straume vert heva over avkøyringsvegen og får ein stigning som tilfredstillar krav til universell utforming.

Framlegg frå Andreas Sjalg Unneland (SV):

Kommunestyret godkjenner områdereguleringsplan for RV 555 Sotrasambandet, Kolltveit – Bergen grense, plan ID2013001, med følgjande endring:

1. Sotrasambandet bør byggjast ferdig dimensjonert for framtidig bybaneutbygging.
2. Sambandet bør regulerast med permanent kollektivfelt.

Det vart votert slik:

Tilrådinga frå formannskapet vart **samrøystes** vedteke.

Tilleggspunkt frå Frp fekk 5 røyster og fall (FrP 4 og V 1)

Tilleggspunkt 1 frå SV fekk 2 røyster og fall (SV og MDG)

Tilleggspunkt 2 frå SV fekk 1 røyst og fall (SV).

Før kommunestyret tok pause:

Magnus Natås frå Statens vegvesen, som har arbeidd med Sotrasambandet i 14 år, går av med pensjon og dette er det siste store vegprosjektet han har arbeidd med.

Ordførar Marianne Sandahl Bjørøy takka Natås for langt og godt samarbeid med blomehelsing og gåvebok før ho inviterte alle til kaffi og kake i foajeen.

Desse hadde ordet i saka: Daniel Victor Sandvik, Tom Georg Indrevik, Anita Garlid Johannessen, Andreas Sjalg Unneland, Egil Haaland, Odd Bjarne Skogestad, Jorun S Gjersvik og Atle Justad.

Vedtak i Kommunestyret - 26.05.2016:

I medhald av §12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret områdereguleringsplan for Rv 555 Sotrasambandet, Kolltveit – Bergen grense, plan ID 2013001, slik den no ligg føre.